



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Endeleg utgreiingsprogram for marint vern Sognefjorden

Statsforvaltaren i Vestland fekk, i brev frå Miljødirektoratet datert 10. januar 2022, i oppdrag å starte arbeidet med marint vern for kandidatområdet Sognefjorden. Kandidatområdet Sognefjorden dekkjer eit areal på meir enn 250 km², og utløyser såleis krav om konsekvensutgreiing av vernet. Ved oppstartsmeldinga låg difor eit utkast til utgreiingsprogram.

Miljødirektoratet har fastsett utgreiingsprogrammet for verneprosessen

Vi fekk tilbakemeldingar på utkastet til utgreiingsprogram gjennom oppstartsmeldinga, og tilpassa programmet etter innspela. Vi sendar ut det endelege utgreiingsprogrammet. Dokumentet sikrar at vi legg til rette for både involvering og kunnskapsproduksjon i løpet av verneprosessen, sjå vedlegg.

Utgreiingsprogrammet låg ute på høyring frå vi sendte oppstartsmeldinga for marint vern den 8. desember 2022 til siste innspel kom inn den 3. mai 2023. Sidan Miljødirektoratet er ansvarleg myndigheit, jamfør § 16 i forskrift for konsekvensutredning, vart utgreiingsprogrammet sendt frå oss til Miljødirektoratet den 20. september 2023 for fagleg godkjenning. Miljødirektoratet har i brev datert 30. november 2023 fastsett programmet.

Status for arbeidet med konsekvensutgreiing

Arbeidet med konsekvensutgreiing vart lyst ut på anbod i haust, og vi fekk tre tilbod. Vi har inngått avtale med Akvaplan NIVA om utarbeiding av konsekvensutgreiing. Dette arbeidet vil ta eit års tid. Vi har også, i samarbeid med Havforskningsinstituttet, kartleggingsarbeid på gang denne hausten/vinteren, og rapport vil bli tilgjengeleg så snart arbeidet er ferdig på nyåret. Parallelt med arbeidet med konsekvensutgreiing vil vi invitere inn til drøfting i referansegruppene.

Løyve til inngrep i Sognefjorden berre dersom tiltaket er utan nemneverdig betyding

Vi vil gjere kommunane og andre offentlege forvaltningsorgan særleg merksame på naturmangfaldlova si § 44. Sidan det vart meldt oppstart av planarbeidet for Sognefjorden i desember 2022 gjeld naturmangfaldlova § 44 (tiltak ved igangsett sakshandsaming) for heile utgreiingsområdet. Dette inneber at eit forvaltningsorgan utan vidare kan avslå ein søknad om løyve til eit tiltak som ligg innanfor verneforslaget. Løyve kan berre gis dersom tiltaket er utan



nemneverdig betydning for forslaget. Løyve skal bli vurdert etter anna sektorlover som om Sognefjorden allereie er verna.

Alle dokumenter ligg tilgjengeleg på heimesidene våre [Sognefjorden kandidat område for marint vern | Statsforvalteren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://www.statsforvalteren.no). Her ligg også kartleggingsrapportar.

Dette brevet går til alle kommunane og til alle som sendte innspel til utgreiingsprogrammet.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonssjef, naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Utgreiingsprogram for marint vern Sognefjorden

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM



Mottakarakar:

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
OSLAND HAVBRUK AS	Sørsidevegen 2966	5962	BJORDAL
SOGNEFJORDEN VEL	c/o Torbjørn Dale Kongabergvegen 4	6856	SOGNDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
HAVFORSKNINGSINSTITUTTET	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
AURLAND HAMNEVESEN KF	A-feltvegen 27	5743	FLÅM
SJØMAT NORGE AVD HOVEDKONTOR	Postboks 5471 Majorstua	0305	OSLO
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
NATURVERNFORBUNDET I INDRE SOGN	c/o Katharina Hessen Årøyvegen 580	6857	SOGNDAL
Stølsheimen verneområdestyre			
Nærøyfjorden verneområdestyre			
Bjarne Meel	Tanumveien 126	1341	SLEPENDEN
MOWI ASA	Postboks 4102 Sandviken	5835	BERGEN
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
FJORD FORSK SOGN AS	Postboks 207	6852	SOGNDAL
SOGN REGIONRÅD	Postboks 153	6851	SOGNDAL
STATENS VEGVESEN BERGEN	Postboks 874 Sentrum	5807	BERGEN



KONTORSTED

BREHEIM NETT AS

Bjørn Ståle Vike

AKVAPLAN-NIVA AS

Bjørn Henning Hov

Gaupnegrandane 4

Tokvamsvegen 12

Framsenteret Postboks

6606 Stakkevollan

Hovsvegen 53

6868 GAUPNE

5745 AURLAND

9296 TROMSØ

6896 FRESVIK